

# Sluttrapport Ung Kraft-fondet

Risvoll skule 2024





# Kva ville de få til med tiltaket?



- Målsetningar:
  - Me ønskjer at naturfag skal vere kjekt og spanande for elevane.
  - Praktisk undervisning, gjennom forsøk i naturfag, er ein undervisningsmetode som både inspirerer og er med på å skapa engasjement og nysgjerrigheit. Her får elevane både oppdaga å skapa.


# GJORT



Me har totalt 20 ferdige forsøkskassar som lærarane kan ta i bruk i undervisninga. Her kjem litt meir informasjon om nokre av forsøka vi har gjort.

# Forsøk i 1. og 2. klasse: Dansande rosiner

- 1.-2.klasse har gjennomført forsøket om «Dansande rosiner».
- Elevane tok mineralvatn i glaset, deretter la dei rosiner oppi glaset.
- Alle rosinene sank, dermed byrja dei å få bobler på seg og steig opp igjen. Så såg dei at boblene «sprakk» (gassen i boblene forsvinn i lufta) og rosinene sank igjen.
- Glassa stod framme heile dagen, og det var fortsatt aktivitet då me gjekk heim.
- Elevane er spente på om det er aktivitet i morgon.



# Forsøk i 5. klasse: Kjemisk ballongblåsing

- Me har hatt om stoffer og kjemiske reaksjoner i 5. klasse.
- Me lurte på kva som skjedde når me blanda natron og eddik.
- Me hadde eddik i ei flaske og 1-2 spiseskeier natron i ein ballong. Me tredde ballongen på flaska, då reagerte natron og eddik, og det utvikla seg gass som blåste opp ballongen. Det lukta ekkelt.
- Det var ingen farlige kjemiske symbol på korkje eddik eller natronflaske, så me turte å lukte litt på det. Det var gøy og lærerikt med forsøk.



# 7. klasse: Serie- og parallell-kobling

## Elektronikk koffert

- 7. klasse har gjort forsøk med å laga serie- og parallell- kobla kretsar.
- Elevane har og gjort forsøk der dei testa kva for ulike material som leda strøm, og kva som ikkje leda strøm.



---

## LÆRT

- Elevane har lært at det skjer èin kjemisk reaksjon når me blandar eddik og natron. Det dannes karbondioksidgass, som pressar opp bobler eller fyller ein ballong.
- Elevane har og lært kva èin hypotese er, og korleis èin skriv èin forsøksrapport.
- Dei er motiverte og gler seg til fleire forsøk.
- Me har som skule lært at det er enklare å drive med praktisk undervisning når opplegga ligg klar, og at dei ikkje er for kompliserte.





# LURT

- Det vil vere lurt om me prøver å ha forsøk fast ein gong i veka eller ein gong i månaden.
- Me kan utvide og lage nye forsøk slik at me har forsøk som passar saman med emna me underviser i.
- Me må la elevane få vere delaktige i kva for forsøk dei ønskjer å teste ut.

# Samarbeid med næringslivet

- Me hadde besøk av Andreas Fløgstad frå Sauda næringsutvikling AS saman med Ryfylke avis.



14:35 Nettside

**RYFYLKE**



Tredjeklassingane Oda Olava Vikedal (8, frå venstre), Maria Bruknaap Løland (8), Sofie Djuv Nilsen (8) og Alma Rasmussen Vikre (7) følger med spenning med på reaksjonen i glasskolben. FOTO: Andreas Isaksen

Bilde 1 av 7

### Bildeserie: – Sjå! Det bruser over!

Fleire skular og barnehagar i Sauda har fått støtte av Ung Kraft-fondet til ulike prosjekt. Ryfylke besøker Risvoll skule medan tredje- og fjerdeklassingane testar ut eit kjemi-eksperiment.

Nettside Artikler eAvis Mitt søk Arkiv Diverse

# Profilering

I Ryfylke avis var det ein artikkel torsdag 21.november.

Dei var på skulen og besøkte ulike klassar som hadde forsøk.

- Me har og hatt informasjon på vekeplan heim til føresette.

## – Sjå! Det bruser over!

Fleire skular og barnehagar i Sauda har fått støtte av Ung Kraft-fondet til ulike prosjekt. Ryfylke besøker Risvoll skule medan tredje- og fjerdeklassingane testar ut eit kjemi-eksperiment.

### ANDREAS ISAKSEN

Tredje- og fjerdeklassingane gjer store auge då natronen reagerer med eddikblandinga i glaskolben. Dei har akkurat gjennomført eitt av dei mange eksperimenta som Risvoll skule har fått støtte til frå Ung Kraft-fondet i Sauda. Det boblar nede i glaskolben, og med eit begynner det kvite skummet å stige. Det same gjer spenninga rundt bordet.

Ung Kraft-fondet er eit samarbeid mellom oppvektstektoren i Sauda, Sauda Næringsutvikling KF og aktørar frå det lokale næringslivet. Hensikta med fondet er ifølge Sauda kommune å skape nysgjerrigheit og nytenking rundt tema som berekraftig samfunn, sjølvforsyning og entreprenørskap i skular og barnehagar.

### Eksplosjon?

På Risvoll skule har dei søkt om støtte til to ulike tiltak. Det eine er innkjøp av «forsøkskasser», som er utstyr og instruksjonar til å gjennomføre ulike eksperiment, slik som eddik og natron-eksperimentet som elevane testar ut når Ryfylke er på besøk. Det andre tiltaket er eit vedsaging- og spikkeprosjekt, der Ung Kraft-fondet har tildelt pengar til innkjøp av utstyr.

Målet med støtta frå Ung Kraft-fondet er å stimulere nytenking, praktisk og miljøretta tenking, berekraft og nysgjerrigheit blant barna. Heile skulen kan nytte utstyret.

Fjerdeklassingane Helge Tjordal (9), Ingeborg F-H Isaksen (9), Åmund Fatnes Skaarer (9) og Lev Solonin (9), hadde i utgangspunktet sett føre seg at eksperimentet skulle ende med ein eksplosjon, eller i alle fall litt røyk. Men då det kvite skummet flaua over

kantane og utover bordet, var ikkje resultatet så verst likevel.

### Kreativitet

Dei ulike oppveksteiningane i Sauda har anledning til å søke om midlar frå fondet til prosjekt som fell under prosjektet sine mål. Dette har fleire av einingane i Sauda gjort, og dagleg leiar i Sauda Næringsutvikling KF, Andreas Fløgstad, fortel at det har blitt levert søknadar frå fleire av skulane og barnehagane i Sauda. Fløgstad besøker Risvoll Skule saman med Ryfylke. Han synest det ser ut som tredje- og fjerdeklassingane har godt utbytte av eksperimentet dei jobbar med.

– Ja, her ser vi heilt klart at både kreativitet og nysgjerrigheit kjem fram. Dette var kjekt å sjå, og heilt klart i tråd med det vi ønsker å oppnå med Ung Kraft-tildelingane, seier han til Ryfylke.

Det er tredjeklassingen Oda Olava Vikedal (8) einig i.

– Eg tippa at det skulle bli skum, og fekk rett. Dette har eg lyst å gjere fleire gonger, smilar ho.

### – Liker å arbeide

På grusområdet ved fotballbingen, eit steinkast frå skulen, er elevane Even Lofthus Kalvik (12) og Tage Jensen (12) i full sving med bukk og sag. Dei kappar trestammar til passelege lengder, som skal bli til fyringsved.

– Vi har gjort dette før, så det er heilt greitt arbeid. Kjekt å vere ute å gjere noko anna enn vanleg skulearbeid, så dette er bra, seier Lofthus Kalvik.

Det er lærar Sigfred Tårland som har ansvaret for å koordinere dei ulike arbeidsstasjonene i ved- og spikkeprosjektet.

– Eg synest dette er ein flott måte for ungene å lære litt om praktisk arbeid, sikkerheit og vedlikehald av nærområde. Vi nyttar anledninga til å rydde skog, blant anna langs fylkesvegen her. I tillegg til at dei får rydda og gjort området fint, blir trevirket brukt til både grillpinnar, turstavar og fyringsved. Ungane likar å arbeide, og innsatsen er det lite å seie på, seier han til Ryfylke.



### Dette er Ung Kraft-prosjekta som har fått støtte:

Eining	Prosjekt	Løying
Fløgstad skule	Ungt entreprenørskap, utstyr	10 000 kr
Risvoll skule	Utstyr til vedsaging og spikkeprosjekt	11 500 kr
Risvoll skule	Forsøkskasser, elektrisitet	8 500 kr
Rustå barnehage	Materiell og utstyr til å bli sjølvforsynt barnehage	10 000 kr
Vestefrikk barnehage	3 stk. Rugges robotar	10 000 kr
Vestefrikk barnehage	Utstyr til kjøkkenhage	10 000 kr

# Erfaringsdeling

- Elevane snakkar saman og det gjer at når dei høyrer om at ein klasse har gjort eit spanande forsøk ønskjer dei og å teste det ut i eigen klasse.
- Lærarane samsnakkar og deler gode idear med kvarandre.
- SFO kan få benytte forsøkskassane til å gjere forsøk på SFO.
- Me ønskjer og å få til eit samarbeid med Leabøen barnehage der dei kan kome på besøk til oss med førskulegruppa og vere med og gjere eit forsøk.
- Rektor deler informasjon med rektorane frå dei andre skulane.

# Vurdering av måloppnåing

## Eigne målsettingar frå søknad

Målsetting frå søknad	Mål nådd	Mål delvis nådd	Mål ikkje nådd
Me ønskjer å gjere naturfag kjekt og spanande for elevane	X		
Kunne tilby praktisk undervisning gjennom forsøk i naturfag	X		
Inspirere barn og unge til å vere nyskjerrige, oppdaga og skapa		X	
Utstyr som gjer det mogleg å ha fleire forsøk som omhandlar elektrisitet slik elevane har ønskje om	X		

# Vurdering av måloppnåing

## Ung Kraft-fondet

Overordna målsettingar for Ung Kraft-fondet	Mål nådd	Mål delvis nådd	Mål ikkje nådd
Tiltaket har ført til meir trivsel og læring som gjer Sauda til eit meir levedyktig samfunn		X	
Tiltaket har bidrege til meir nysgjerrige, oppdagande og skapande barn/unge	X		
Tiltaket har løfta arbeidet med nytenking og entreprenørskap i barnehagen/skulen		X	
Tiltaket har bidrege til meir demokrati i praksis		X	

# Rekneskap

Ung kraft	Tildelte midlar	Utgifter
Elektrisitetskoffert		7475 kr
Plastkassar		2500 kr
Diverse utstyr til forsøk (natron, bakepulver, ballong, bobler, rosiner etc)		2150 kr
<b>Total sum</b>	8500 kr	12125 kr
<b>Inntekt-utgift</b>		- 3625 kr

Me brukte nesten alle midlane me fekk på elektrisitetskoffert, men hadde lyst å få til forsøkskassar og. Då tok me litt av skulen sitt budsjett til utstyr til å fylle kassane med det me trong til dei ulike forsøka.